


Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/4192-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

20392/14

Dykkar ref.

201307004-6

Dato

LEIKANGER, 23.06.2014

Norges vassdrag- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Uttale ang. søknad om auka slukeevne i Horpedal kraftverk i Sogndal kommune

NVE ber i brev 20.06.2014 om ev. merknader til søknad frå Horpedal Kraft AS om løyve til å auke slukeevna i det eksisterande kraftverket. Selskapet ønskjer å betre utnyttinga av eksisterande inntak og vassveg når linjekapasiteten til Fjærland vert utvida. J.f. at Sognekraft AS har fått løyve til å bygge ny 132 kV linje mellom Fjærland og Grindsdalen i Leikanger. I samandraget til søknaden er det sagt m.a. dette:

Horpedal Kraft AS vart idriftsett i januar 2004 med installert effekt 2MW ved hjelp av ein fransisturbin med slukeevne på 1,44 m3/sek. Jamfør tillatelse gitt 02.08.2002: NVE 200107867 side -22, 23 og 24. Fallhøgde er 174m og vassvegen er 996 meter (540 m ø800mm og 476 m ø700mm). Den 28.10.2009 fekk Horpedal Kraft AS godkjent detaljeplan for montering av eit peltonaggregat i tilknytning til eksisterande rørgate, aggregatet vart sett i drift i feb. 2013, og medverkar til ei betre utnytting av vassmengde ved driftsvassføring under 0.43 m3/sek.

Horpedal Kraft AS i dag kapasitet til å produsere 2,5 MW(1,87m3/sek) når ein køyrer begge aggregat samla, men er begrensa av gjeldande konsesjon som gjev løyve til å produsere maksimalt 2 MW(1,44 m3/sek) med ein eller begge generatorar i drift.

Middelvassføring ved vassinntak er 2.03 m3/sek, etter utvida konsesjon vil slukeevna vere 1,87 m3/sek . (93% av middelvassføring).

Vassinntaket som ligg ca 250 meter aust for gardsbruket Horpedal har fungert svært bra og har kapasitet til den auka vassmengda.

Minstevassføring er 116 l/s om sommaren og er lik gjennomsnittleg lågvassføring for året.

Kraftstasjonen er plassert inntil elva ved kote 6 og begge avløpa går tilbake til elva.

Omsøkte utvida konsesjon for auka vassmengde krev ingen endringar på bygg , vassinntak, vassveg , aggregat og reguleringssystem i høve løyve av 02.08.2002 og 28.10.2009.

Verknader for miljø, naturressursar og samfunn, har ingen endringar i høve dagens slukeevne.

Endra konsesjon krev tiltak som forsterka/ny kraftlinje ut frå Fjærland og ny transformator ut frå Horpedal Kraft AS sin kraftstasjon.

Kostnad er: andel i ny linjekapasitet 0,5 MW + ny transformator kr 640.000,- .

Av søknaden går det m.a. fram at slukeevna etter utviding vil vere 93% av middelvassføringa i elva. Dette er godt under det som er vanleg i løyve som vert og gitt for småkraftverk i dag. Fylkeskommunen ser ikkje at den omsøkte endringa vil føre med seg nemnande ulemper for verken allmenne eller private interesser.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)Norges vassdrag- og energidirektorat Middelthunsgate 29 Postboks 5091,
Majorstuen 0301 OSLO

